

Mange klare ved klatreveggen

12.09.2009



Bjørn Olav Tveit har gjort ein kjempejobb med klatreveggen. Her klatrar kona, Siren Simonnes, medan Bjørn Olav passar på ved tauet.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

No er klatreveggen i Aktivitetshuset fullført etter ein imponerende dugnadsinnsats og fredag kveld var meir enn 20 barn og vaksne i aktivitet i dette nye og spanende aktivitetstilbodet i Uskedalen.



Blir det kø ved klatreveggen framover? (Foto: Ola Matti Mathisen)


.40.000 er satsa på prosjektet. Sjøelve veggen har kosta 25.000, som blir dekket av Aktivitetshusets Damevenner. I tillegg er det kjøpt inn utstyr for 15.000 som skal betalast gjennom drifta. Veggen kjem frå Seimsfoss, men er kraftig utvida og komplettert.





Kjersti Børve på veg oppover med Sigurd som "tauførar". (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det som gjekk føre seg fredag var tredje etappe i ein opplæringsfase. Dei vaksne som skal vera vakter ved veggene hadde vore gjennom to økter før og dette var første kvelden også barna deira deltok. Og dei deltok verkeleg med liv og lyst. Ein kommentar som gjekk att var denne: - Dette blir ein fulltreffar, både for barn og vaksne!



-Eg skal bli like flink som deg! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Heldigvis står det kunnige folk i leiinga av prosjektet. Bjørn Olav Tveit, styreleiar i Aktivitetshuset, er utdanna klatreinstruktør og kona hans, Siren Simonnes, har også vore engasjert i klatring.



Tørres Tungesvik Myklebust er berre fire og eit halvt, men allereie ein ivrig klatrar. Mor Hilde passar på. (Foto:Ola Matti Mathisen)

Tveit fortel at driftsopplegget blir slik:

- Det blir familieklatring på søndagar mellom 16 og 18
- Frå 18 til 20 om søndagane blir det klatring for vaksne (frå 16 år og oppover)
- Torsdagar frå 17.30 til 20 er barn frå 10 til 15 år velkomne.

-Dette er ikkje ein aktivitet som ein tar til med utan opplæring. Også foreldra må naturleg nok gjennom ein instruksjon og torsdag vil vil difor avvikla halvannan times kurs frå klokka 17.30. Då bør dei foreldre som vil satsa på klatring møta fram, seier Bjørn Olav.

Regelen er at dei som er under 16 må vera saman med ein ansvarleg vaksen i veggen så lenge klatringa pågår.

Bjørn Olav er ellers glad for å kunne registrera at hallen no er fullbooka kvar einaste dag frå klokka 16.30 til 21 og dei har også begynt å ta i bruk helgane.

Når det gjeld klatre-tilbodet blir dette ikkje i første omgang marknadsført i eit større område enn Uskedalen.

-Vi har kapasitetsproblem i hallen og må føla oss litt fram, seier Bjørn Olav.

Av Ola Matti Mathisen